

KRISTIAN SOLBAKKEN
Kostveitvegen 447
3890 VINJE

Dato: 09.12.2025
Vår referanse: 2025/8104-3
Sakshandsamar: Erland Tveiti

136/3 - Løyve til Endring av bygg - utvendig tilbygg mindre enn 50 m²

Tiltak: Endring av bygg - utvendig tilbygg mindre enn 50 m² tilbygg garasje
Tiltakets adresse: Ingen adresse
Eigedom: 136/3
Tiltakshavar: KRISTIAN SOLBAKKEN
Ansvarleg søker: KRISTIAN SOLBAKKEN
Bruksareal: Eksist. 111,2 m² + **tilbygg 35,8 m²** = 147 m²
Bebygd areal: Eksist. 120 m² + **tilbygg 39,6 m²** = 159,6 m²
Bruttoareal: Eksist. 120 m² + **tilbygg 39,6 m²** = 159,6 m²

Delegert vedtak: 240/25

Vedtak

Søknaden om oppføring av tilbygg til garasje vert godkjent med vilkår

Saksutgreiing

Referanse:

Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20060002 – Kommunedelplan Rauland.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter PBL § 20-4 registrert 21.10.2025. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 20.10.2025, jf. saksmappenr. (jnr.) 2025/8104- med vedlegg.

Garasjen som det er søkt om tilbygg til ligg i område med føremål «Bustad» i kommunedelplanen. Men garasjen vart godkjent før gjeldande kommunedelplan vart vedteken,

og administrasjonen ser ikkje tilbygget til eksisterande garasje som noko monaleg endring i høve storleik eller bruk.

Nabo er varsla 20.10.2025.

Det har ikkje kome inn nabomerknader til Vinje kommune innan fristen. Det er heller ikkje oppgjeve nabomerknad frå tiltakshavar.

Tiltak:

Tiltaket gjeld tilbygg til eksisterande garasje. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjon etter PBL § 21-2 ser ut til å vera tilfredsstillande.

Vilkår

Før tiltaket vert teke i bruk må ein søke om ferdigattest eller midlertidig bruksløyve jf. PBL § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i PBL og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17).

Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi. Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK17, kap. 9 og i Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskrifta).

Konklusjon

Vilkåra etter PBL § 20-4 med dokumentasjonskrav etter PBL § 21-2 ser ut til å vera i orden, slik at ein kan gje løyve til tiltaket i samsvar med PBL § 21-4.

Gebyr

Gebyrkode	Antal	Beløp
Byggjesøknad etter § 20-4	1	4.900,-

Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Erland Tveiti

rådgjevar byggesak

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarakar:
KRISTIAN SOLBAKKEN

Kopi til:
ÅSNE KVÅLI AASEN